

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 29.11.2022

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, Sp fram slikt forslag:

(a) «Tillegg – stryke siste kulepunkt på s. 16 under "Ambisjonsnivå og utbygging av vindenergi":

- 0,5 -3,4 Twh ny straum frå landvind i høve 2022 er kopla til kraftnettet i Vestland»

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, Krf, MDG, V fram slikt forslag:

(b) «Endring – stryke tillegget som kom i hovudutval for næring

Stryke tillegget som kom inn i utval for næring som lyder: "Ambisjonsnivå og utbygging av vasskraft. Småkraftverk og nye anlegg med regulerbar kraft er realisert og bidratt til auka vasskraftproduksjon"

Fylkesordfører Jon Askeland (Sp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Høyringsfristen vert endra til 20.02.2023»

Avrøysting

Hammer sitt forslag (b) fekk 6 røyster (MDG, FP, SV, V, Krf, UA) og fall.

Hammer sitt forslag (a) fekk 5 røyster (Sp, FP, SV, UA) og fall.

Innstillinga med Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune legg utkast til Regional plan for fornybar energi på høyring og offentleg ettersyn, jamfør plan og bygningslova §4-1 og §8-3 med slik endring:

3. kulepunkt under Ambisjonsnivå og utbygging av vasskraft vert endra til: Småkraftverk og nye anlegg med regulerbar kraft er realisert og bidratt til auka vasskraftproduksjon.

Høyringsfrist er sett til 20.02.2023.

2. Vestland fylkeskommune legg utkast til handlingsprogram 2023-2027 for Regional plan for fornybar energi på høyring og offentleg ettersyn. Høyringsfrist er sett til 20.02.2023